

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 29.01.2007
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Forlik i rettstvist mellom Yara Industrial AS og Helse Vest RHF**

Styresak 003/07 O

Styremøte 14.02. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 12

Administrerende direktør viser til tidlegare orienteringar vedrørande søksmål mot Helse Vest RHF frå Yara Industrial AS. Saka blei reist ved stemning av 30. oktober 2006 og gjeld krav om skadebot for brot på kontrakt om distribusjon av medisinsk gass til heimebasert oksygenterapi.

Partane var kalla inn til rettsmeklingsmøte onsdag 17. januar 2007. Under rettsmeklingsmøtet blei det inngått følgjande utanrettslege forlik:

1. *Helse Vest RHF forplikter seg til å besørge distribusjonsavtale mellom Forus Industrial AS og Helse Stavanger HF hevet. Yara Industrial AS sin distributør overtar distribusjon i region Helse Stavanger snarest mulig og senest ved utløpet av oppsigelsesfristen i gjeldende avtale mellom Forus Industri AS og Helse Stavanger HF.*
2. *Helse Vest RHF utøver opsjon for ytterligere to år (dvs til og med 31.12.2009) for så vidt gjelder "Rammeavtale. Distribusjon til hjemmebasert oksygenterapi".*
3. *Helse Vest RHF utøver opsjon på ytterligere ett år (dvs. til og med 31.01.2010) for så vidt gjelder Helse Stavanger HF for "Rammeavtale. Innkjøp av medisinske og tekniske gasser. Distribusjon til hjemmebasert oksygenterapi", datert 14.09.05/20.06.05.*
4. *Partene er enige om å begjære Stavanger tingretts sak nr. 06-160368TVI hevet som forlikt.*
5. *Partene bærer egne saksomkostninger.*
6. *Partene frafaller forkynnelse av hevningskjennelse.*

Det er Helse Vest RHF som er part i saka, og dei pliktar som følgjer av forliket retter seg derfor mot Helse Vest RHF. Forliket er inngått i forståing med Helse Stavanger HF, og helseføretaket vil følgje opp dei pliktar som går fram av forliket sitt punkt 1.

Saka er med dette avslutta og inneberer at Yara Industrial har fråfalla krav om skadebot.